

Marthe Hammer (SV); om rutetabell ikkje på haldeplass

«Det er fleire eksempel på at rutetabellen for buss på haldeplassen er erstatta av ein plakat der ein viser til rutetabell på nett og app.

Spørsmål:

«Er dette riktig, har ein no slutta å slå opp rutetabellen på haldeplassane?
Når slutta ein å sette opp ruteinformasjon? Viss ja, kva er grunngevinga for å slutte å sette opp ruteinformasjon på haldeplassane?»

Svar frå fylkesrådmannen:

For tida gjennomfører Skyss ein avgrensa test på haldeplassane på linje 10, der nokre rutetabellar er erstatta av ein QR kode. Når ein opnar kamera på smarttelefonen og «skannar» QR koden, opnar ruteavgangen frå den aktuelle haldeplassen seg. På plakaten kan ein lese at all ruteinformasjon også er tilgjengeleg på skyss.no og i vår reiseplanleggjar app.

Skyss ønskjer å utforske moglegheitene som ligg i ei slik teknisk løysing. Frå den reisande sin ståstad vil ei slik løysing kunne sikre at ruteinformasjonen på haldeplassen til ein kvar tid er oppdatert og riktig. I ei slik løysing blir også statisk/tradisjonell ruteinformasjon erstatta med ein dynamisk visning basert på sanntid. Linje 10 har hatt nokre mindre forseinkingar som følge av snøfall og glatte vegar dei siste dagane, og då vil ein sanntidsvisning ha verdi.

Frå Skyss si side vil ei slik løysing også kunne effektivisere ressursbruk og oppnå kostnadsreduksjonar. I testperioden vert den faktiske bruken av QR kode-løysinga samt henvendingar til kundeservice kartlagt. Det vil også bli gjennomført ei spørjeundersøking for å kartlegge meir om kundeopplevinga hos reisande på den aktuelle linja.